



Arkiv: A10
Saksmappe: 2006/4435
Sakshandsamar: Astrid Namtvedt Sylta
Dato: 16.07.2010

| Utvalssak nr. | Utval | Møtedato |
|---------------|-----------------|------------|
| 71/10 | Levekårsutvalet | 24.08.2010 |

Offentleg høyring om endringar i forskrift om rammeplan for barnehage

Saksdokument ikkje vedlagt:

Utkast høyringsdokument Kunnskapsdepartementet 2010

Saksutgreiing:

Saka går til uttale i levekårsutvalet

Stortinget har i lov 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) fastsett overordna reglar om barnehagens formål og innhald jfr. §§ 1, 2 og 3. Stortinget vedtok 5.desember 2008 å endre formålsparagrafen for barnehagen. For at den endra formålsparagrafen skal kunne tre i kraft var det nødvendig å gjere enkelte endringar i barnehagelova. Stortinget gjorde 14.juni 2010 vedtak om blant anna ny § 1a *Særleg formål* og framlegg om endringar i § 2 *Barnehagens innhald* som følgje av den vedtekte formålsparagrafen.

Dette høyringsforslaget omfatta berre endringar i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver som følgje av den nye formålsparagrafen og § 1a og endra § 2 i barnehagelova.

I st.meld. nr 41 (2008-2009) *Kvalitet i barnehagen* har departementet drøfta ei rekkje framlegg til tiltak som vil krevje endringar i rammeplanen. Desse vil ein kome tilbake til på eit seinare tidspunkt ved ein ny revisjon av rammeplanen.

Departementet ber om at høyringsinstansen vurderer om barnehagens formål og innhald er ivaretekne i framlegget til endring.

Om formålsparagrafen

Stortinget har i barnehagelova § 1 fastsett eit mangesidig formålet med barnehagen. Formålsparagrafen fastset barnehagen sitt samfunnsmandat, barnet og barnehagen si rolle og kva verdigrunnlag barnehagen skal byggje på. Saman med barnehagelova § 2 gjev lova nærare reglar for kva eit barnehagetilbod skal innehalde. Formålsparagrafen viser grunnlag for og meininga med den totale barnehageverksemda. Formålsparagrafen har både eit samfunnsperspektiv, individperspektiv og eit institusjonsperspektiv. Departementet meiner desse perspektiva er ivaretekne i høyringsforslaget.

Om forslag til endring

Gjeldande forskrifter er i stor grad vidareførte. Dei endringane som er gjort, er berre dei departementet ser som nødvendige for å ivareta og synleggjere konsekvensane av den vedtekte formålsparagrafen. Gjeldane struktur i rammeplan for barnehagens innhald og oppgåve er i stor grad oppretthalde.

Tekstlege endringar er i hovudsak føreslegne i del 1. Det er og føreslege enkelte endringar i del 2 og 3. Fagområda i kapittel 4 er ikkje gjenstand for revidering, men det er føreslege endring under fagområdet *Etikk, religion og filosofi* for å harmonisere dette med verdigrunnlaget i formålsparagrafen.

Nærare om føreslegne endringar

I del 1 i Barnehagens samfunnsmandat er det føreslege ei strukturell endring ved at kapittel 1.3 *Barnehagens verdigrunnlag* vert flytta til nytt kapittel 1.1 *Barnehagens verdigrunnlag*. Dette vert no slege saman med tidlegare kapittel 1.1 *Barnehagens formålsbestemmelse*. Departementet meiner endringane dekkjer den nye formålsparagrafen ved at barnehagens samfunnsmandat, formål og verdigrunnlag vert tydelegare.

Barnehagens samfunnsmandat kjem fram i formålsparagrafen 1.ledd der det vert slått fast at *Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*. Omsorg, lek, læring og danning er løfta inn i barnehagens formålsparagraf, og departementet føreslår eit nytt kapittel 1.3 *Omsorg og lek, læring og danning*.

Danning er eit nytt omgrep i formålsparagrafen og erstattar og byggjer ut omgrepet oppdraging. I høyringsforslaget erstattar omgrepet danning i stor grad omgrepet oppdraging i gjeldande rammeplan.

Overskrifta i gjeldande kapittel 1.2 *Barnehager med andre formålsbestemmelser* vert føreslått endra til *Barnehager med særlig formål*, og teksten i kapittelet er utforma i tråd med ny § 1a.

Høyringsnotatet ligg på Kunnskapsdepartementet si nettside:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2010/horing=endringer-i-forskrift-om-rammepl.html?id=61052>.

Høyringsfristen er sett til 24.september 2010.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Høyringa vert teken til orientering.

Handsaming i Levekårsutvalet - 24.08.2010

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 24.08.2010

Rådmannen sin framlegg er vedteke.

